

Hardangerviddatunnelene AS
Orgnr. 999178812
Simadalsvegen 1
5783 Eidfjord
Tlf 90944980
post@hardangerviddatunnelene.no
www.hardangerviddatunnelene.no

Årsmelding 2017

1. Organisering

Hardangerviddatunnelene AS hadde forretningsadresse i Bergen kommune, og kontorplass hos Bergen Næringsråds lokaler fram til 31.08.2018. Frå 01.09.2017 skifta forretningsadressa til Eidfjord kommune og kontoradressa til Simadalsvegen 1, 5783 Eidfjord (Eidfjord kommunehus). Selskapet har som hovudføre mål å etablera sikker helårsveg over Hardangervidda (Rv.7) gjennom bygging av tunellar.

Selskapet hadde før Generalforsamlinga i 2017 slik styresamansetjing:

Styreleiar	Anved Johan Tveit	Personleg vara	Gunvall Medhus
Nestleiar	Erik Kaupang	Personleg vara	Petter Rukke
Styremedlem	Tony Arild Kjøl	Personleg vara	Hanne B. Lindbak Haatuft
Styremedlem	Anette Læg Reid	Personleg vara	Svein Hop
Styremedlem	Solfrid Borge	Personleg vara	Hans Petter Torbjørnsen
Styremedlem	Torhild Marie Helling Bergaplass	Personleg vara	Ole Vegard Nørstebø
Styremedlem	Inger-Brit Vindegg	Personleg vara	Ivar Arne Lid

Valkomite: Jon Andreas Kolderup og Aslak Læg Reid
Dagleg leiar Harald Victor Hove fram til 31.08.2017 i 100 % stilling

Selskapet hadde etter Generalforsamlinga i 2017 slik styresamansetjing:

Styreleiar	Anved Johan Tveit	Personleg vara	Gunvall Medhus
Nestleiar	Petter Rukke	Personleg vara	Hanne B. Lindbak Haatuft
Styremedlem	Erik Kaupang	Personleg vara	Mathias Eide Sataøen
Styremedlem	Anne Lise Bleie	Personleg vara	Svein Hop
Styremedlem	Solfrid Borge	Personleg vara	Hans Petter Torbjørnsen
Styremedlem	Torhild Marie Helling Bergaplass	Personleg vara	Ole Vegard Nørstebø
Styremedlem	Inger-Brit Vindegg	Personleg vara	Ivar Arne Lid

Valkomite: Jon Andreas Kolderup og Aslak Læg Reid
Dagleg leiar Leiv A Vambheim frå 01.09.2017 i 30 % stilling.

2. Styret sitt arbeid.

Det er halde 4 styremøter og handsama 33 styresaker. Styret har hatt samhandling med IS Rv 7 i samband med styremøta og uttalar. Styret hadde 13.11.2017 sammøte med IS Rv 7, Aksjonsgruppa og Næringslivsgruppa i samband med strategiomlegging i selskapet til K2 - korte tunellar, etter Aust-Vest vedtaket i Stortinget. Det har vore godt aktivitetsnivå og styret sine medlemmer har bidrege nyttig til selskapet sin aktivitet og gjennomslag i relevante fora.

Nokre formelle og praktiske saker som styret og administrasjonen har jobba med, er:

- Budsjett, regnskap og jamnleg økonomirapportering.
- Strategiomlegging til K2 - korte tunellar etter Stortingsvedtaket om hovudveg.
- Høyringsuttale til RTP Hordaland.
- Planlegging, gjennomføring og evaluering av Hardangerviddakonferansen «Rein Vidde.»

- Organiseringa av drifta etter august 2017.
- Omlegging av inntektsordninga frå 2018.
- Førebudd Ekstraordinær Generalforsamling etter flytting av forretningsadresse.

3. Selskapet si verksemd.

Redusert konsept og ny dagleg leiar.

Det var eit høgt aktivitetsnivå i selskapet med stort lobbyverksemd fram til det lukkelege Stortingsvedtaket om å prioritera Rv 7 Hardangervidda som ein hovudveg aust-vest for reiseliv og persontrafikk. Dette vedtaket samt at Harald Victor Hove slutta, medførte drøfting i selskapet om trongen for vidare drift eller avvikling. Konklusjonen vart at selskapet hadde ein viktig funksjon framover for å halda oppe presset på å få fram løysingar og midlar til utvikling av Hardangervidda som vintersikker heilårsveg. Selskapet bestemte å føra selskapet vidare men å dempa aktiviteten. Budsjettet for 2018 vart halvert og Leiv Vambheim vart kontraktstilsett i 30 % midlertidig stilling. Arbeidsfordelinga er at dagleg leiar administrere selskapet og styret er ansvarleg for påverknadsarbeidet.

Møte med sentrale styresmakter.

*10.januar 2017: Møte Klima- og Miljøvernminister Vidar Helgesen om Rv 7 og villrein. Deltakarar: Olav Skinnnes, Sverre Lundemo, Anved Johan Tveit (styreleiar HVT), Harald Victor Hove (dagleg leiar HVT), Petter Rukke (nestleiar HVT), Knut Arne Gurigard, Tor Egil Buøen, Endre Lægred

*11.januar 2017. Møte med stortingsgruppa til Senterpartiet om Rv 7 Hardangervidda som hovudveg aust-vest. Deltakara:r Anved Johan Tveit, (ordførar i Eidfjord), Solfrid Borge (ordførar i Ullensvang) og Eli H. Prestegard (ordførar i Nore og Uvdal).

*23.januar 2017: Møte med medlemmer av samferdselskomiteen på Stortinget om hovudveg aust-vest. Brei deltaking med representantar frå Hardangerviddatunnelene AS , IS Rv 7 og Rv 52 (Gol og Hemsedal).

*13.november 2017: Sammøte med aktørane som arbeider for Hardangerviddatunnelene. Samde om ny strategi: Å arbeida for konseptet K2 som er 5 kortare tunellar over Hardangervidda. Deltaking frå styret i HVT, aksjonsgruppa og Næringslivgruppa samt IS Rv 7.

*29.november 2017: Møte i Miljø og Samferdselskomiteen i Hordaland fylke. Drøfting av Rv 7 /Rv52 som hovudveg aust –vest. HVT tilstades.

Hardangerviddakonferansen 2017 Rein Vidde.

Konferansen var ein lunsj til lunsjkonferanse på Vestlia Resort på Geilo dagane 20.-21. mars 2017. Hovudtema på konferansen var samhandlinga mellom veg, reiseliv og villrein. Stortingsrepresentant Trond Helleland utløyste lettelse og glede i forsamlinga ved å fortelja at Regjeringa vil tilrå Stortinget å velja Rv7 Hardangervidda som hovudveg for reiseliv og perontrafikk og Rv52 som hovudveg for næringtrafikk. Stortingsrepresentant Ove Trellevik presenterte Regjeringa si reiselivsmelding. Hardanger og Hallingdal er to av dei største reislivsdestinasjonane i Noreg med stort vekstpotensiale. Reiselivet er den 3-dje største næringa i landet og truleg «den nye olja». Storsatsinga på Nasjonal Turistveg Hardangervidda understrekar statleg prioritering som må få følgjer for opprusting av Rv 7 Hardangervidda.

Omsynet til reinsdyr og til vintersikker heilårstrafikk styrkjer trongen for å byggja miljøtunnar på hovudvegen aust-vest.

Uttalar

2017 var året det Rv 7 Hardangervidda vart prioritert som ein av hovudvegane aust - vest. KVVU-en for Rv 7 vart teken opp att etter utsetjing, med høyringsmøte og høyringsfrist i 2018. KS1-arbeidet for Rv 7 vart starta i 2017 med forventa konklusjonar i 2018.

Handlingsprogrammet til Nasjonal Transportplan for 2018-2023 (29) var ute til høyring. Selskapet jobba aktiv saman med HVT-kommunane og Hordaland og Buskerud Fylkeskommunar ved å gje samordna uttale. Hovudpoenget var at dei avsette 300 millionar kroner til Rv 7 vert flytta frå Ørgenvika – Svenkerud til å betra vinterregulariteten på sjølve Hardangervidda på strekninga Haugastøl – Leiro.

Profilerings

Selskapet nyttar seg av ulike aktiv profileringskanalar. Nokre døme er:

*Heimesida www.hardangerviddatunnelene.no . Her legg ein ut informasjon etter som aktuelle ting skjer eller ein vil planta ut tankar eller gode idear. Trafikkstatistikk og kommentarar er viktig her. Ein

prøver å sleppa ut nyhende minst ein gong i månaden. (Heimesida til aksjonsgruppa peikar på ein lang tunnel. Denne bør endrast eller avviklast).

*Facebook-profilen «Ja til rv 7 som stamveg» vert administrert av selskapet ved dagleg leiar. Her vert det lagt ut informasjon om lag ein gong i veka mest med tilvising til heimesia. Denne sida er godt besøkt og når om lag 8000 aktive brukarar. Facebooksida «Kolonnekøyning på Hardangervidda» er også ei aktiv side som svært mange er flinke å bruka. Dette er god profilering av vegen både i godver og i kolonne/stengingsver.

*Pressemeldingar prøver ein seg på når ein har noko på hjarta, men det er vanskeleg å få inn omtalar i media.

*Brosjyremateriell er også ein del av profieringa. Ny brosjyre er laga nyåret 2018.

4. Økonomi.

Rekneskapan for 2017 vart t.o.m 31.08.2017 ført av AZETS Insight AS i Bergen, og f.o.m 01.09.2017 av Hardanger Økonomiservice i Eidfjord, som også fullfører Årsoppgeret.

Generalforsmlinga i 2016 gav styre fullmakt til å frita selskapet frå revisjon, jf Aksjelova §7-6. Styret vedtok 17.august 2016 å velja bort bruk av revisjon for Hardangerviddatunnelene AS. Rekneskapan vert derfor ikkje revidert.

Driftsinntekter per. 31.12. 2017 er	kr. 2 169 200
Driftskostnader per. 31.12. 207 er	kr. 1 506 980
Driftsresultat per. 31.12.2017 er	kr. 662 020
Finansinntekt	kr. 351
Ordinært resultat før skattekostnad	kr. 662 371
Skattekostnad på ordinært resultat	kr. 0
Årsresultat	kr. 662 371

5. Miljøpåvirkning

Selskapet driv ikke verksemd som forurensar det ytre miljøet.

6. Arbeidsmiljø

Selskapet har hatt dagleg leiar tilsett i 100% stilling til 31.08.2017 og i mellombels 30 % stilling frå 01.09.2017. Arbeidsmiljøet er godt med godt samspel med styret og styrleiar.

7. Likestilling

Selskapet har 7 valde medlemmer, av disse er 4 kvinner og 3 menn. Varamedlemmene har fordelingen 1 kvinne og 6 menn.

Selskapet sin daglege leiar er mann.

8. Aksjonæroversikt

Selskapet har ved årsskiftet ein aksjekapital på kr. 100.000, fordelt på 100 aksjar pålydande kr. 1000. Aksjekapitalen er fullt innbetalt.

Aksjonærliste per. 31.12.2017

Navn:	Fødselsdato	Antall aksjer:	Pålydende:	Beløp:
Hol kommune	971 030 607	40	1 000	40 000
Eidfjord kommune	944 227 121	40	1 000	40 000
Ullensvang herad	964 967 903	5	1 000	5 000
Ål kommune	864 952 992	5	1 000	5 000
Nore og Uvdal kommune	964 950 946	5	1 000	5 000
Ulvik herad	971 159 928	5	1 000	5 000
Sum		100		100 000

9. Bruk av overskot

Selskapet har i 2017 et årsresultat på kr 662 371. Dette vert tilrådd avsett til styrking av annan eigenkapital.

10. Forutsetning for fortsatt drift

Med bakgrunn i selskapet sitt rekneskap og sine målsetninger, er det grunnlag for vidare drift i selskapet.

24.april 2018

Anved Johan Tveit
Styreleiar

Petter Rukke
Nestleiar

Erik Kaupang
Styremedlem

Solfrid Borge
Styremedlem

Torhild Marie Helling Bergaplass
Styremedlem

Inger-Brit Vindegg
Styremedlem

Anne Lise Bleie
Styremedlem

Leiv A Vambheim
Dagleg leiar